

Stiller ut lengselen sine bilde på Sletta

Vestnorsk utvandrings-senter opna sesongen i museet i underetasjen i Emigrantkyrkja laurdag. Utstillinga viser mellom anna bilde frå innvandrar-miljøet i Amerika i perioden 1865-1930.

EGILOLSVOLD

Eit lite utdrag av materialet er stilt ut. Dagleg leiar Ida Dyrkorn Heierland ser fram til å få eit eige større museum. Varaordførar Ragnar Floen helsa frå kommunen. Han kunne ikkje lova noko konkret, men det vart «arbeidd med saka». Som tidlegare omtala håpar senteret å få reist eit større informasjonsbygg tenkt til mellom anna utstillingar, seminar og arbeid mot skulane.

Dokumentasjon

Professor Sigrid Lien (UiB) har samla bilde frå private heimar, museum og arkiv i USA. Bilda og historia bak har ho sett saman i

boka «Lengselen bilder – fotografiet i den norske amerikautvandringen».

Fotografiet vart ein eigen kultur i utvandringmiljøet, med utveksling av bilde Norge/Amerika.

Det vart mogeleg frå 1860-talet. Bilda vart tekne godt vare på. Ofte fint rama inn og pynta, fortel ho.

Andrew Larsen Dahl var ein av dei omreisande fotografane. Han heitte nok Andreas, eigentleg.

Avskilbilde vart ein eigen «sjanger». Det vart vanleg å ta bilde i «finstasen» før avreisa. Ofte var personane bunadskledde. Bileta av amerikabåten var og vanleg, med eit lite merke: «Her er min lugar».

Tragedie

582 omkom då SS «Norge» forliste ved Rock All i 1904. Sigrid Amundsdatter Berg fekk tatt bilde av seg og dei 6 barna sine før avreisa, kledde i finstasen. Alle omkom.

Skrytebilde

Mange fekk ein ny og god start i



HARD SJØ: Overfarten kunne vera krevjande. Utlånt av Prof. Sigrid Lien (UiB).


Amerika. Ikkje alle gjekk det like godt med. Mange sende nok heim «skrytebilde» som ikkje fortalde heile sanninga. Det kunne vera han som tok bilde av seg med Sheriff-stjerna på brystet, og revolver i handa. Han arbeidde nok som vaktmann. Eller ho som tok bilde av seg i moteriktig hatt sitjande i ein luksusbil. Ho var tenestejente hjå Rockefeller.

Nokre kunne skryta med rette og. Som farmaren det hadde godt bra med: «I Canada brukar me ikkje spae til å bryte up jordi. Me brukar fire sterke hestar!»

- Tilhøvet mellom tekst/brev og bilde er viktig, seier professor Lien.

Anekdote

Å kunna språket var ein føreset-



nad. Professor Lien har samla mange brev knytt til bilede som vart sende heim. Ein kar fortalde at beste måten å læra på var å gå



1995,-

Hammoc



8990,-

Oregon hagegruppe



139,-

BoGrønt Plantejord:
3x50 liter sekker



Knalltilbud
29,-

Tagetes 10 pk.



Knalltilbud
149,-

Million Bells Ampel (blå)



Tilbud
119,-

6-pk Spansk Margeritt



199,-

BoGrønt Dekkbark:
4x80 liter sekker

Den lokale gartner

BoGrønt Eikanger Hagesenter

Åpningstider: Man-fre: 10-20 • Lørdag: 10-18 • Søndag: 12-18
Sauvågen 251 • 5913 Eikangervåg • Tlf. 56 35 77 30

Kr. Himmelf.dag
Åpent 12-18





FØREDRAG: Professor Sigrid Lien (UiB) knytte mange gode historier til bilda ho har samla inn.

«Fotografiet vart ein eigen kultur i utvandringsmiljøet, med utveksling av bilde Norge/ Amerika.»



GODT NØGD: Ida Dyrkorn Heierland.



Frå synfaring i traséen nyleg.

Turlaget sterkt kritiske til høgspen

Bergen Turlag er mellom dei som er sterkt kritiske til planane om høgspen gjennom Radøy og Austrheim. I sin høyringsuttale, seier laget at NVE sitt framlegg til løysing for høgspen er katastrofalt dårleg, og at saka må få eit anna utfall. Turlaget viser vidare til at dei har eit prinsipielt standpunkt på at kabling i jord og sjø skal nyttast der omsynet til naturen krev det. Bergen Turlag har 24 000 medlemmar, og 8 lokalag. Mellom desse er Nordhordland turlag.

på kafè når ein ville finna ut korleis ein skulle tinga mat. Han fekk med seg at dei sa «egg og bacon», og mat kom på bordet. Men etter

ein månad med same retten vart han lei og måtte finna på noko anna.

Første til tredje juli er det

utvandrarfestival. Det er eit fint høve til å vitja utstillinga.



Bildet er frå eit tidlegare kurs i bogeskyting. Foto: Arthur Kleiveland.

Annleis kurs?

No kan du nytta høvet til å læra noko heilt annleis i sommar.

ATLE VAAGE
atle@nordhordland.no

Om du ønskjer å oppleva noko nytt, kan du no melda deg på kurs ialt frå bogeskyting til pilmaking, eskimorulle, ville urtar eller kunsten å spela Didgeridoo. Veit du ikkje kva ein Didgeridoo er for noko? Ikkje ta det så tungt,

instrumentet er ikkje å finna i rekkjene til Manger Musikklag eller Eikanger Bjørsvik i det daglege. Men det tradisjonelle australske instrumentet gir ein sær-eigen lyd, og kan dessutan danne eit lite orkester saman med andre primitive instrument.

Børje Møster frå Manger står bak kursa under vignetten «Godjord». Her vert det fokus på sjø-sport som havpadling og brettsegling. Ein har og kurs i å nytta maten frå fjæra, bogeskyting og

pilmaking, og altså musikk på ein litt anna måte enn det som til dagleg er å høyra i Nordhordland.

Ville vekstar frå naturen er tema for eit kurs, eit anna er introduksjon i såkalla permakultur, matproduksjon i eit bærekraftig perspektiv.

Dei første kursa startar allereie i morgon og fredag, så går det slag i slag utover juni, juli og august. Påmelding skjer ved å kontakta Børje direkte.

<p>Ove Veberg Salgskonsulent Privat og Bedrift Nord-Hordaland Tlf: 908 67 031</p>	<ul style="list-style-type: none"> • markiser • persienner ute/inne • lamellgardiner • plisségardiner • rullegardiner • levegg • vindussprosser 		
	<p>Alt innen solskjerming & vedlikeholdsfrie sprosser</p>		
	<p>Fasadeprodukter er en av landets ledende leverandører av solskjerming. Vi kommer gratis hjem til deg med gode råd og løsningsforslag. Ta derfor kontakt med vår lokale konsulent eller ring GRATIS: 800 80 488 www.fasadeprodukter.no</p>		
	<p>Anders Strand Monter Hordaland Tlf: 950 74 370</p>		
	<p>Anders Strand</p>		

GAUPEN • Vare, hest, båt, skap og yrkeshengere
• 50 modeller med total vekt 750 - 2.600 kg

www.gaupen.no

NYHET 2011
Nå med 13 nye yrkeshengere

Manger, Felleskjøpet
Tlf. 03 520

— MEST KJØPT —

Sand, grus og puk

Sal i Kjevikdalen:

Måndag-onsdag	08.00–15.00
Torsdag	08.00–17.30
Fredag	08.00–14.30
Laurdag	Stengt

For prisar sjå www.ngir.no

56 34 33 10 | www.ngir.no